

Brann i trafokiosk

Natt til tysdag blei det meldt frå om opne flammar i ein trafokiosk på Åmdals Verk.

Tokke brannvesen rykte ut saman med folk frå Vest-Telemark kraftlag, og brannmannskapa fekk sløkt elden. I fylgje politiet skuldast brannen ein elektrisk feil som førte til at oijen blei antent. Trafioen fekk så store skadar at han måtte bytast.

Påkøyrd rådyr

Tysdag morgon fekk politiet melding om at eit rådyr var påkøyrd på E 134 vest for Seljord.

– Dyret blei skadd, men hinka vidare inn i skogen, fortel operasjonsleiar Gunnar Ramslien i Telemark politidistrikt.

Politiet varsla det lokale skadefellingslaget. Ein representant derifrå fann dyret liggjande hardt skadd ein snau kilometer frå der det hadde blitt påkøyrd. Dyret blei avliva.

Trugande åtfærd

Ein mann er meldt til politiet etter trugande åtfærd på Navkontoret i Nissedal tysdag førmiddag.

– Han var svært misnøgd, og viste dette mellom anna ved å kaste ei blomsterpotte i veggjen, fortel Gunnar Ramslien, operasjonsleiar hjå politiet i Telemark.

Politiet blei tilkalla, men gjerningsmannen var sporlaust forsvunnen då handhevarane avlova kom til staden. Identiteten til mannen er kjend.

Skadeverk

To skilt og ei søppelkasse blei øydelagte i sentrum av Dalen måndag kveld.

– Ein ung gut har innrømt skadeverket, fortel politiet.

Nei til hemmelegald

Då Nissedal kommune lyste ut etter ny rådmann, kravde dei i utlysingssteksten at søkjarlista skulle vere offentleg. Det fekk to av søkjarane erfare då dei måtte velje anten å få namna offentleggjort, eller å trekke søknaden.

Stein Olav Lie
stein.olav.lie@vrb.no

Ikkje sjeldan les ein i avisene om søkjarar til offentlege stillingar som ikkje ynskjer namnet sitt offentleggjort på trykk. Årsakene til det kan vere forskjellige, men no ynskjer Nissedal å fråvike denne praksisen som har vore vanleg i dei fleste samanhengar.

Praktisering av offentlegheitslova

Ordførar i Nissedal kommune, Anne-Nora Oma Dahle, vedgår at det ikkje berre har vore enkelt å krevje at søkjarlista skal vere offentleg.

– Eg skjønner at enkelte har gode grunnar for å halde namnet unna den offentlege søkjarlista. Med tanke på noverande arbeidsgjevar og tiliitsforholdet dei i mellom, kan ein vel seie at det er eit motiv. Eg veit at me i samband med rådmannstillinga har mista ein potensiell god søkjar på grunn av kravet om offentleggjering. Likevel er det slik at denne stillinga er offentleg, og det er kommunens øvste administrative leiar. Nett derfor kan me ikkje halde søkjarlista hemmeleg, sjølv om eg i enkelt høve altså ser motivet for det, seier Oma Dahle.

– Måtte velje

To av søkjarane til stillinga gav melding om at dei ikkje ynskte

at namna deira skulle bli offentleggjort. Det kunne ikkje ordføraren godta.

– Det skal innrømmast at avgjerda om full offentleggjering ikkje var enkel, men me bestemte oss i samråd med kommunesektorens interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon (KS) for å kutte ut hemmelegaldet. To av søkjarane til stillinga bad om hemmelegald. Då måtte eg gjø dei valet om å anten å godta å få namnet offentleggjort, eller å trekke søknadane sine. Heldigvis valte baa å vere med vidare, forklarar ordføraren.

– Gler meg

Heile ni søkjarar har meldt interesse for stillinga og Anne-Nora Oma Dahle er godt nøgd med dei aktuelle kandidatane.

– Slik eg ser det har me eit luksuspblem med å velje. Det som er interessant er at alle kandidatane er relevante til stillinga. At me har så mange og gode søkjarar fortel meg at me er attraktive som kommune og region. Det er to kvinner blant dei ni søkjarane og eg gler meg til å ta fatt på intervjuundane og vurderingane. Går alt knirkfritt, er målet å tilsetje ny rådmann i løpet av desember, avsluttar ordføraren i Nissedal.



– Eg måtte be to av søkjarane til rådmannstillinga som ynskde å vere anonyme i høve til å få namna sine offentleggjort, om anten å trekke søknaden eller godta offentleggjering, seier ordførar i Nissedal, Anne-Nora Oma Dahle.

– Prisverdig av kommunen

Assisterande generalsekretær i Norsk redaktørforening, Arne Jensen, er svært godt nøgd med at Nissedal kommune har lagt seg på ei line der dei er konsekvente med omsyn til offentleggjering av søkjarar til leiande stillingar.

– Det er svært gledeleg at Nissedal vel å ta med offentleggjeringssprinsippet i utlysinga av rådmannstillinga og ved vurderinga av søkjarane. Eg kjener ikkje til at andre kommunar ynskjer det, kan han be om å få har vore så bestemte som Nissedal og dette tenar Nissedals ære, seier ein tydeleg nøgd Jensen.

Etter Jensens oppfatning er det i kommunanes interesse å vere opne i samband med leiande stillingar.

– Ombodsmannen har lagt seg på ei svært streng line når det gjeld leiande stillingar i kommunane, og eg håpar no at fleire kommunar fylgjer Nissedals døme og syter for å få med offentleggjeringssprinsippet i utlysinga og overfor søkjarane. Endringar i offentlegheitslova frå neste år vil forplikte kommunane til å ha med punktet om offentleggjering i stillingsutlysingane, men om søkjarane ynskjer det, kan han be om å få vere anonym. Til slutt er det kommunen sjølv som avgjer dette spørsmålet. Men nok ein gong må eg seie det var svært opplyftande å høyre kva standpunkt Nissedal kommune har teke, avsluttar Jensen.

Søkjarlista til stillinga som rådmann i Nissedal:

Ole Jørgen Klausen (f.1954), Oslo
Tone M. Danielsen (f.1962), Froland
Kjetil Skjete (f.1963), Risør
Sverre Sæter (f.1966), Moss
Magne Haglund (f.1960), Tjongsfjorden
Anne Kristin Fosli (f.1964), Oslo
Jan Aastø (f.1955), Porsgrunn
Helge Hallingby (f.1962), Vegårshei
Øyvind Johannesen (f.1957), Treungen

– Treng fleire i heimetenesta

Ein rapport om stoda i heimetenesta i Kviteeid syner at det er behov for fleire tilsette.

Tone Tveit
tone.tveit@vrb.no

Kommunestyremedlemmene i Kviteeid får torsdag orientering om stoda i heimetenestetilbodet i kommunen med bakgrunn i ein rapport. Rapporten er utarbeidd av einingsleiar Kristin Stray Jacobsen, sektorleiar Olav O. Kaasa, hovudtillitsvald Gro Heidi Vestgarden, plassstillitsvald i heimesjuepleia Fagforbundet, Anne Berit Skott, tillitsvald i Fagforbundet, Trude Kristoffersen og pleia Sjukepleieforbundet, Gro Anita Øverland.

I 2008 har det vore budsjettert med 14 årsverk innanfor heimetenesta. På dei ti siste åra har pasienttalet i heimesjuepleia auka mykje, og talet på tilsette auka noko. I 1997 var det 13,24 brukarar per heimhjelp, medan i 2007 var det 15,9 brukarar per heimhjelp.

Trong for styrking

Rapporten viser at det er trong

tilsette og betre situasjonen for einingsleiarane. Dei kjem med ei tilråding om at det er svært ynskjeleg å styrke heimetenestene med 2,8 årsverk, fjern overtid som er der i dag, utarbeide klarare kriteria for kva brukarane av heimetenesta kan vente seg, og det er eit ynskje om gjere pleietenestene betre ved å gjø dei tilsette meir opplæring og skoling.

Passert «eldreblygja»

Prognosar utarbeidd av Statistisk Sentralbyrå (SSB) syner at folketalsutviklinga i Kviteeid har kome til ein topp for dei eldste aldersgruppene. Eldreblygja er meir aktuell i andre delar av landet enn i Kviteeid.

Prognosa syner et talet på eldre over 80 år ikkje vil stige framover. Rapporten syner at toppen er passert i Kviteeid, og talet på dei over 90, som har eit særskilt pleiehøve, stig heller ikkje så mykje.